

# ÅRSMELDING



2018

JØSNESET BYGDARÅD



# Årsmelding 2018 – Jøsneset bygdaråd

**Årsmøtet 2018 blei halde 05.03.17.**

**Val:** Marit Wyller gjekk ut or styret etter 2 år.

Valkomiteen sitt forslag blei samrøystes vedteke.

Unni Fossaa – attvald leiar for 1 år.

Nytt styremedlem – Ingeborg Westersjø

Varamedlemmer – Sondre Fosså og Øyvind Oaland for 1 år.

Valnemd – Cesilie Wåland gjekk ut, medan Marit Wyller blei vald for 3 år.

Revisor – Attval på Oddvar Skiftun for 2 år

## **Styret har vore konstituert slik:**

Leiar: Unni T Fossaa. Kasserar: Ingeborg Westersjø. Sekretær: Rasin Tjeltveit. Kontakt for utlån av trivselstova/skulebygg: Svanhild Hjorteland. Innkjøpsansvarleg: Brahim Gbada.

## **Aktivitet**

I tillegg til årsmøtet har det vore 4 ordinære styremøter, møte med ordførar/andre bygdaråd, kontaktforum og ein del uformell kontakt pr telefon/e-post.

**Overtaking av skulebygningane:** Det har vore fleire møter vedrørende dette. kommunen har lova å ha eit attaleutkast klart til handsaming på årsmøtet 2019.

**Skiltprosjektet:** Det blei jobba ein del med dette våren 2017, og det er laga ein god del nye skilt der ein har prioritert turvegen som går frå Nesvik til Bastlid der turlaget skal ha ein fellestur til hausten.. Ein sit endå på ein god del material, og det er planlagt fleire skiltkveldar våren 2019.

**Den internasjonale vaffeldagen:** Denne blei arrangert 25.03 som kafé og uformell drøs.

**Ryddedag:** Den 10.05 blei den tradisjonelle ryddedagen arrangert, der ein ryddar langs vegane og på skuleområdet.

**Sankt Hans:** Kvelden blei tradisjonelt feira i Skiftunstranda, og arrangert saman med Helselaget.

**Smashing Jøsneset 04.08:** Det var konsert med Hanne Sørvalg, medan The Kvednabekkjers spelte opp til dans etterpå. Bygdarådet var svært nøgd med frammetet og overskotet. Vi har og fått veldig gode tilbakemeldingar frå mange av dei frammette. Det blei ytt stor dugnadsinnsats av folket i bygda.

**TV-aksjonen 21.10:** Bygdarådet arrangerte kafé i Trivselstova. Godt frammete.

**Juletretenning 01.12.:** Det starta med fakkeltog frå Skiftun kai og opp til branngarasjen. Der blei lya tent på juletreet, og det var gang rundt treet. Etterpå blei det selt graut, kaffi og kaker i trivselstova. På den nye scenen blei det danseoppvisning av nokre flinke kulturskuleelevar. Det var godt frammete.

**Nyttårsfeiring på skulen:** Etter suksess med dette tidlegare år, blei det arrangert dette året og.

**Vedabod ved Fosstemmen:** Arbeidet er godt i gong, og det utvendige er nesten ferdig. Den blir ferdigstilt i løpet av våren. Materiala er skoga i same området, og er saga til på Foss. Det er Johan Hjorteland som har hatt hovudansvaret og utført det meste av dette arbeidet. Det er planlagt beising både av den og gapahuken når arbeidet med vedaboda er ferdig.

**Taket på gym.bygget:** Kommunen har bygd nytt tak over den delen av bygget som tidlegare hadde flatt tak. Kostnaden blei mykje høgare enn først kalkulert, men bygda slapp med dei 100 000 som var lova.

**Maling av skulebygga:** Det blei løyvd 40000 til maling av gamlebygget på kommunebudsjettet, men arbeidet må gjerast på dugnad. Den nye delen av gym.bygget må og malast på dugnad, men her og held kommunen maling.

#### **Anna:**

-Det er innkjøpt to telt i tilknytning til Smashing Jøsneset. Telta er elles til utleige når nokon har behov for dei.

-Det er sendt uttalar til både kommunen og Statens vegvesen i tilknytning til ny reguleringsplan/ferjestø, sikt ved kryss fylkesveg/riksveg i Nesvik, knust vindauge på skulen, maling av gamlebygget, sikkerhet ved stillas på skulen, flaumskadar, lakseoppdrettet ved Fosså og bil på parkeringsplass i Nesvik

-Vegvesenet har rydda i krysset i Nesvik slik at det er blitt mykje betre oversikt der.

-Biblioteket er komme i funksjon. Det er åpent for alle ca 1 gong i månaden. ( Åpningstidene blir annonsert på Jøsnessida). I tillegg blir det bruka av ein «lesesirkel».

#### **Diverse tilskot:**

-Bygdarådet har fått 5 000 kr i generelt tilskot frå Hj. Kommune.

-og 10 000 frå Frivilligfondet til utstyr i det nye biblioteket.

**Jøsneset på nett:** Dette er fortsatt mykje brukt. Nettsida blir stadig oppdatert med store og små hendingar, og responsen frå både nært og fjernt er veldig positiv.

Styret i bygdarådet vil og dette året takke sambygdingane for stor dugnadsinnsats og samarbeid gjennom året.

Skiftun 28.01.19.

Rasin Tjeltveit

sekr